

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.05.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet er positiv til at ein gjer ein vurdering av fordelingsnøkkelen for spelemidlar til Den kulturelle skolesekken, og at ein legg SSB (Statistisk Sentralbyrå) sin statistikk til grunn.
2. På prinsipielt grunnlag tilrår Fylkesutvalet modell A4 i saksframlegget, som vil gi den fordelingsnøkkelen som i størst grad gir kompenasjon for spreidd busetting (18%), tek omsyn til areal (12%) og samtidig sikrar eit flatt tilskot til alle elevar (70%). Dette vil sikre best mogleg tilbod til flest mogleg elevar.
3. Den delen av dagens fordelingsnøkkel som utgjer utviklingsmidlar, bør uavkorta disponerast av fylkeskommunane. Dersom omsynet til regionreforma som ein demokratireform skal ivaretakast, er det naudsynt å sikre avgjerdsmakt direkte hos fylkeskommunane når det gjeld bruk av utviklingsmidlar. Sentralisering på dette området vil vera i motstrid med grunnlaget for regionreforma.
4. Fylkesutvalet støttar at direktekommunane får same tilskot pr. elev som fylkeskommunane, utan ytterlegare tilskot frå kategoriane som skal korrigere for lange reiseavstandar og spreidd busetting.